

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
04/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	06.02.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	14/537	

Ny pensjonsordning for folkevalde frå 1.1.2014

Forslag til vedtak:

Radøy kommune melder folkevalde inn i fellesordninga for kommunalt tilsette.

Saksopplysingar:

Folkevalde i dei fleste kommunane i Noreg har inntil 31.12.2013 vore tilslutta «Pensjonsordninga for folkevalde». I Radøy kommune er det berre ordførarane som har vore tilslutta ordninga. Ordninga har hatt særlege reglar for oppteningstid og pensjonsalder i høve til andre kommunalt tilsette.

Frå 1.1.2014 er det sett i verk endringar i «Forskrift om pensjonsordningar for folkevalde». Dette fører til at Radøy kommune må velja mellom to ulike ordningar for folkevalde, og dette er meint å vera eit varig val:

- 1. Innmelding i den ordinære tenestepensjonsordninga for dei tilsette.**
Dette gir ein alderspensjon som er ei brutto, livsvarig årleg yting, tilsvarende som for dei tilsette i kommunen, med nokre tilpassingar i høve til den ordinære fellesordninga. Uføre- og etterlattytingar vil vera som i den ordinære ordninga for tilsette.
- 2. Særskilt pensjonsordning etter mønster av ordninga for stortingsrepresentantar**
Alderspensionen vil vera ei netto, livsvarig årleg yting. Uføre- og etterlattytingar vil vera som i den ordinære ordninga for tilsette.

Eit viktig skilje er altså at den ordinære ordninga er ei brutto ordning, medan stortingsordninga er ei netto ordning. Kva er så skilnaden på netto og brutto?

Ei brutto ordning er ei utrekning medrekna Folketrygda, der Folketrygda og tenestepensjonen til saman skal gi 66% av løn ved avgang. I ei brutto ordning vert såleis tenestepensjonen samordna med Folketrygda.

Ei netto ordning er ei yting som kjem i tillegg til folketrygda, også kalla ein påslagsmodell. Her kan ein ikkje sikkert seia kva nivå ein faktisk endar på. I ei netto ordning er det ikkje samordna med Folketrygda.

Når kommunestyret skal vurdera kva ordning ein skal velja, bør det gjerast eit langsiktig, strategisk val:

Skal vi ha ei ordning som om ordføraren er

1. ein stortingsrepresentant
2. offentleg tilsett i kommunen.

Det må også vurderast kva rettar og ytingar dei ulike ordningane gir, og kva kostnader ordningane påfører kommunen. Ulempa er at det ikkje finst svar på dette.

Matrisa nedanfor gir eit oversyn:

	Offentleg tilsett	Stortingsordning
Kva er billegast for kommunen?	Det er gjennomsnittet i det totale fellesskapet som enn bestemmer premien. Folkevalde er ei «dyrare» gruppe enn gjennomsnittet i fellesordninga. Fordi premien blir utjamna opp av at fellesskapet i denne saman med dei andre tilsette i ordninga berre er (dyre) kommunen, vil det vera billegast å melda folkevalde inn i ordninga.	Folkevalde er ei «dyrare» gruppe i fellesordninga. Trass i at ei dårlegare yting til fellesordninga med tilsette. Fordi premien blir utjamna opp av at fellesskapet i denne saman med dei andre tilsette i ordninga berre er (dyre) folkevalde.
Kva løner seg for dei folkevalde?	Ulike rekneksempel syner at fellesordninga vil vera lønsam for dei aller fleste.	Ulike rekneksempel syner at dei tilfelle der folkevalde alt har full opptening i ei offentleg tenestepensjonsordning, og avsluttar karriera som tilsett i offentleg sektor, kan stortingsordninga vera lønsam. Det er fordi dette er ei netto ordning, som kjem i tillegg til offentleg tenestepensjon.
Høve til å ta ut AFP	Aldersgrensa blir 70 år i ny ordning, mot tidlegare 65 år. Det blir høve til å gå av ved 65 år. Kommunen kan også inngå avtale om AFP frå 62 - 65 år.	Ikkje høve til AFP. Men høve til fleksibel alderspensjon som i Folketrygda, dvs lågare årleg pensjon ved tidleg uttak.

Oppstillinga er henta frå KLP.

Det ser ut til at ei ordning saman med andre kommunalt tilsette gir lågast kostnad for kommunen, og som regel høgst yting for den folkevalde. I nokre tilfelle kan likevel stortingsordninga gi best yting.

Oppsette rettar og løpende pensjonar følgjer den gamle ordninga.

Etter ei samla vurdering meiner rådmannen at Radøy kommune skal melda folkevalde inn i fellesordninga med dei andre tilsette i kommunen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune melder folkevalde inn i fellesordninga for kommunalt tilsette.

23.01.2014 Formannskapet

Denne saka omhandlar pensjonsordning for folkevalde. Ordførar Jon Askeland sa seg ugild, og deltok ikkje i handsaminga av denne saka. Varaordførar Ann Christin Hoen overtok som møteleiar i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

FS-004/014 Vedtak:

Radøy kommune melder folkevalde inn i fellesordninga for kommunalt tilsette.

Kommunestyret i Radøy - 04/2014

KS - behandling:

Denne saka omhandlar pensjonsordning for folkevalde. Ordførar Jon Askeland sa seg ugild og deltok ikkje i handsaminga av denne saka. Varaordførar Ann Christin Hoen overtok som møteleiar i saka.

Rådmannen orienterte om ulike løysingar, og oppsummerte at det ser ut til å vera billegast for kommunen og beste for folkevalde åvera med i fellesordninga for kommunalt tilsette.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

KS - vedtak:

Radøy kommune melder folkevalde inn i fellesordningafor kommunalt tilsette.